

Beplantning

Liadal barnehage er ein naturbarnehage som har fokus på å gjære barna kjente med og sette pris på naturen vår. Vi bruker derfor naturen rundt oss og naturmaterialer aktivt i det pedagogiske arbeidet.

Med bakgrunn i ureiningsproblematikken i verda er det å fremje verdiar, haldningar og praksis for eit meir bærekraftig samfunn ei viktig oppgåve for barnehagane.

I det høve har vi i Liadal barnehage bestemt at vi vil saman med barna dyrke ulike grønnsaker, bær og poteter samt hauste epler fra epletreet for å synleggjere for barna korleis maten vi et blir til og kor viktig naturen er for oss menneske. Vi vil etter hausting bruke det vi har hausta i matlaging saman med barna, slik at dei får oppleve gjennom alle sansane heile prosessen frå dyrking til å ha eit ferdig produkt som vi kan ete.

For å sikre at alle får ta del i dette arbeidet utifrå eigne forutsetningar har vi laga ein progresjonsplan for beplantning.

Progresjonsplan

1-2 år	<p>Barna skal få kjennskap til åkeren. Dei får sjå, smake, lukte og samtale om dei ulike vekstane i åkeren og dei ferdige rettane vi lagar av det vi hausta.</p> <ul style="list-style-type: none"> -skal kjenne til navna på dei vanligste grønnsakene -hjelpa å vatne- plukke. -bruke bilder av dei ulike grønnsakene i samtale, bøker og/eller songar. - Være med på plukkinga av epler,
2-3 år	<p>Barna skal gjennom samtale og oppleving få kjennskap til kva ein åker er, kvifor vi har åkeren, og kjenne navna på det som veks der.</p> <ul style="list-style-type: none"> - Bruke bilete av dei grønnsakene vi har i åkeren i samtale. - Være med på å sette poteter, luke ugras, vatne og hauste poteter. - Ansvar for oppbevaring av potetene - Være med på matlaging med dei sjølvplukka ingrediensane - Være med på plukkinga av epler.
4-5 år	<p>Barna skal få ei djupare forståing for kva ein åker er, korleis maten vi et blir til og korleis vi dyrkar, haustar og tilberedar grønnsaker, potet og frukt.</p> <ul style="list-style-type: none"> - Få medvirke i å bestemme kva grønnsaker vi skal dyrke - Saman lese oss opp i/skaffe oss kunnskap om dyrking/ stell og hausting av dei utvalgte grønnsakene. - Være med å ta ansvaret for såing, gjødsling, lusing, vatning og hausting. - Være med i tilbereding og matlaging. - Være med på plukkinga av epler, vask, og tilbereding av eplesyltetøy, og tapping på glas. (om vi får mykje epler- eplesyltetøy i fint pynta glas- som julegave til foreldra/heimen).
5 åringer	<p>Barna skal få ei djupare forståing for kva ein åker er, korleis maten vi et blir til og korleis vi dyrkar, haustar og tilberedar grønnsaker, potet og frukt.</p> <ul style="list-style-type: none"> - skal få være med på såing, gjødsling, lusing, og hausting. - Lage tipiar og så sukkerærter. (gå i skogen og finne pinnar, feste i marka og bitte saman pinnane med tau, så sukkerærter rundt., luke, vatne, gjødsle og halde tipiane fine.

